



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
19/40724-2

Dykkar referanse:
19/447 – 19/4467

Vår dato:
20.03.2019

Uttale til dispensasjon for riving av naust og oppføring av næring/kurslokale – Gnr. 1 bnr. 68 – Flatøy – Meland kommune

Vi viser til høringsbrev datert 26.02.2019, med søknad om dispensasjon for gnr. 1 bnr. 68 på Flatøy i Meland kommune.

Om søknaden

Saka gjeld riving av naust på eigedomen og oppføring av bygning til sjørelatert næring/kurslokale. Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål naust og dispensasjon frå føresegner i kommuneplanens arealdel om storleik på naust. Dersom tiltaket får dispensasjon som omsøkt, vil tiltaket krevje løyve til utvida bruk av avkjørsle etter veglova. Det er Statens vegvesen som skal vurdere om ein kan gi slikt løyve.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker.



*Figur 1:
Utsnitt av gjeldande reguleringsplan.
Naustområde vist med raud ring.*

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER


Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Tilkomst til eigedomen

Eigedom gnr. 1 bnr. 68 har i dag tilkomst gjennom køyring på gang- og sykkelveg. Ved endra føremål frå naust til næring/kurs, vert det venteleg auka trafikk til eigedomen. I søknaden vert det òg vist til auka parkeringskapasitet, som tilseier meir trafikk til og frå eigedomen.



*Figur 2:
Store deler av tilkomststvegen
er gang- og sykkelveg. Raud
strek visar tilkomst frå fv. 564
til naustområdet.*

Statens vegvesen gir normalt ikkje løyve til endra/utvida bruk av avkøyrslar når tilkomst går over gang- og sykkelveg. I denne saka ligg strekninga nær opp til kollektivknutepunkt, og det må påreknast vesentleg trafikk av mjuke trafikantar, inkludert skuleborn. Vi er difor negativ til å gi løyve til auka biltrafikk på tilkomststvegen til eigedomen. Med dagens tilkomsttilhøve kan det difor ikkje påreknast løyve til utvida/endra bruk av avkøyrsla.


Statens vegvesen vil rå ifrå at Meland kommune gir dispensasjon som omsøkt, då tilhøvet til vegnettet ikkje er avklart, jf. pbl. § 27-4.

Ny reguleringsplan i arbeid

Statens vegvesen arbeidar for tida med ny reguleringsplan for området, *Detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy, plan-ID 1256-2016 0002*.

Reguleringsplanen vert venteleg sendt til Meland kommune for 2.gangs handsaming i løpet av våren 2019.

Førebels planframlegg viser omlegging av tilkomsten til eigedomane vest for fv. 564 på Flatøy, deriblant eigedom gnr. 1 bnr. 68. Dersom vegsystemet vert lagt om slik framlegg til reguleringsplan viser, vil det ikkje lenger vere vesentleg konflikt med mjuke trafikantar. Ny tilkomst vert frå kommunal veg, og det vil vere Meland/Alver kommune som skal vurdere avkjørsleløyve. Statens vegvesen vil ikkje motsetje seg utvida bruk av avkjørsla dersom lokalvegssystemet vert lagt om.



*Figur 3:
Utsnitt av høyringsframlegg til reguleringsplan, der tilkomstveg vert koplta til kommunal veg i nord.*

Delar av tiltaka i reguleringsplanen vil bli bygd av Nordhordlandspakka. Byggetrinn 1 vil venteleg vere å byggje nytt kollektivknutepunkt og etablere delar av innfartsparkeringa som er vist i planframlegget, samt nokre naudsynte trafikksikringstiltak knytt til flytting av kollektivknutepunktet. Førebels er det diverre ikkje sett av midlar til å gjennomføre omlegging av tilkomstvegar vest for fv. 564 og utbetring av gang- og sykkeltilbodet. Det er uvisst når det vert løyvd midlar til resten av tiltaka i reguleringsplanen.

Konklusjon

Eigedom gnr. 1 bnr. 68 har i dag tilkomst via gang- og sykkelveg. Det omsøkte tiltaket vil venteleg auke køyretrafikken på gang- og sykkelvegen.

Av omsyn til dei mjuke trafikantane som ferdes på strekninga, er Statens vegvesen negativ den endra bruken av eigedomen. Det kan difor ikkje påreknast løyve til endra/utvida bruk av avkjørsla. Vi rår difor frå at Meland kommune gir dispensasjon frå planføremål til tiltaket.

Vi minner om at kommunen ikkje bør gi dispensasjon når ein statleg eller regional myndigheit har uttalt seg negativt til dispensasjonssøknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.

Vi ber om at ein eventuell dispensasjon vert oversendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Skulstad Marianne
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.